




Kulturkafè

i Helgheim tysdag 24.mars kl.19.00

-  **Musikklaget** – variert og publikumsvennleg musikk.
-  **John T. Skogtun** – Uskedalsminne frå barndommen.
-  **Kristian Bringedal** – allsong.
-  **Utlodding** – underhaldande og spennande. Gevinstar tilpassa vinnaren.
-  **Gratis servering.**

God gammal Helgheimstemning med musikk og song, humor, lokalhistorie og spenning, kaffi og noko attåt rundt nye bord på nye stolar!

Dette blir kjekt!

John T. Skogtun, to av dei legendariske Jubelgutta, musikklaget, kaffi og kaker, Kristian O. Bringedal og utlodding er viktige ingrediensar når ungdomslaget og musikklaget inviterer til Kulturkafè tirsdag kveld. Dette skulle vera god garanti for at lovnadene i overskrifta om ei koseleg kveldsstund i Helgheim går i oppfylling.

John T. Skogtun har mange minne frå Uskedalen frå han var liten gut først på 1950-talet. Desse har han skrive ned og no vil han dela dei med oss. Dette vert nok ei god økt med både humor og mimring.

Musikklaget har lova å ha toppforma inne, og dei vil bidra med lettfatteleg og triveleg musikk som pleier å falla i smak hos publikum. Kristian O. Bringedal leiar programmet, og han vil leia ei koseleg allsangøkt som får oss til å lengta mot Allsang i sjøkanten! Sjølv sagt har han trekkspillet med, og dessutan har han med seg to av Jubelgutta, Reidar og Per Myklebust. For dei som ikkje kjenner til det, så var Jubelgutta eit populært danseorkester rundt 1960.

Kristian skal også leia utloddinga der han har lova å tilpassa gevinstane til vinnarane.

Svært viktig er det også at dei nye borda og stolane i Helgheim vert tekne i bruk denne kvelden. Det vert nok ei koseleg stund rundt borda, og drøsen vil garantert gå lett når ungdomslaget serverer kaffi og noko å bita i. Det er gratis inngong, men inntektene frå utloddinga går til nye prosjekt i ungdomslaget.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.